


HANDLINGSPLAN FOR FUSA UNGDOMSRÅD 2018



Prioriterte tiltak:

(rekkefølga er ikkje prioritert)

1. Opplæring

Mål: Fusa kommune skal tilby eit godt opplæringstilbod som sikrar alle unge ei fullverdig grunnskuleopplæring og eit trygt og utviklande sosialt miljø.

1. Elevane må få mulighet til anonyme tilbakemeldingar på undervisninga, lærarane og rådgjevartenesta på ungdomsskulen
2. Ungdomsrådet ønskjer meir aktiv bruk av IKT (t.d. GeoGebra, excell, word) i alle fag.
3. Ungdomsrådet ønskjer ei variert undervisning som er meir praktisk retta og med kreative metodar.
4. Ved bygging av ny ungdomsskule må ein oppdatere utstyr og møblar i alle rom
5. Ei kreativ veke (musikalen) er viktig for miljøet på ungdomsskulen. Den må involvera alle på tvers av klassar
6. Skulefrukosten på Fusa ungdomsskule er viktig for læringsmiljøet og eit godt folkehelseiltak som må vidareførast. Den må vera gratis og for alle elevar.
7. Det skal vera 0-toleranse mot mobbing i skule og barnehage. Alle barnehagar og skular i Fusa må i samarbeid med elevane og foreldre laga ein plan mot mobbing.

2. Helse

Mål: Fusa kommune skal tilby ungdom eit godt og heilskapleg helsetilbod som ivaretar både fysisk og psykisk helse.

1. Helsesøster, fastlege og psykolog må samarbeida for å få eit best mogleg tilbod til barn og unge
2. Helsesøstertenesta i grunnskulen må styrkast betraktleg, ha eit synleg kontor og faste kontortider
3. Skulehelsetenesta for ungdom må vera meir synleg og tilgjengeleg, og må gjerne ta i bruk sosiale media.
4. Helsestasjon for ungdom må ha opningstid etter skuletid
5. Det er viktig med eit kommunepsykologtilbod for barn og unge, helst i samarbeid med andre kommunar for å sikra anonymitet

3. Kultur

Mål: Fusa kommune skal leggja til rette for kulturelt mangfald og kreativitet blant ungdom

1. Kommunale bygg skal vera lett tilgjengeleg for ungdom på fritida og utlån skal også i framhaldet er gratis.
2. Det må vera fleksible støtteordningar og prisar slik at barn og unge frå familiar med låg inntekt kan vera aktive innan kultur og idrett.
3. FUR ønskjer eit betre kinotilbod til ungdom sentralt i Fusa.
4. Fusa kommune må gje betre informasjon til barn og unge om kultur- og fritidstilbod i Fusa og regionen.
5. Med mange innflyttarar frå andre kulturar enn den norske, må vi i Fusa ha fokus på kulturutveksling og kultur møte for å få god integrering og kjennskap/kunnskap om kvarandre

4. Fritid

Mål: Fusa skal ha eit variert og godt fritidstilbod for uorganisert ungdom

1. Fusa kommune må prioritera bygging av gang- og sykkelveggar.
2. Det må vera fleire rusfrie fellesarrangement for ungdom t.d. dansearr, LAN, show.
3. Fusa kommune må sikra og ta vare på friluftsområde som er i aktiv bruk av barn og unge.
4. Det må etablerast eit "Ungdommens hus" – ein møteplass for ungdom, gjerne samlokalisert med ein fleirbrukshall
5. Det må organiserast busstransport til Eikedalen i vintersesongen

5. Idrett

Mål: Fusa skal ha eit godt og variert idrettstilbod til barn og unge

1. Bygging av fleirbrukshall er det viktigaste einskildtiltaket Fusa kommune kan satsa på for å skapa eit ungdomsvenleg lokalsamfunn som er attraktivt for fleire generasjonar unge, frå born, ungdom til unge vaksne.
2. Idrettsparken i Eikelandsosen må vidareutviklast.
3. Fusa kommune må samarbeida med nabokommuneuna om eit breitt idrettstilbod i regionen t.d. innan motorsport.

6. Samferdsel/ miljø

Mål: Fusa og regionen skal ha auka fokus på at det skal vera eit samferdsel- og kollektivtilbod tilpassa barn og unge sine behov

1. Fusa ungdomsråd skal arbeida for fleire bussavgangar, både interne ruter i kommunen, og ruter inn mot Bergen og trafikk-knutepunkt, som t.d. Osøyro og Bjørkheim.
2. Ungdomsrådet vil jobba for bussavgangar og overgangar tilpassa skuletidene også for dei vidaregåande skulane i Os
3. Det må bli betre gang- og sykkelveggar i heile kommunen
4. Fusa må få fleire trygge busslommer med buss-skur på fylkesvegane
5. Fusa kommune må i sterkare grad leggja til rette for miljøvenlege løysingar både når det gjeld transport, avfall og energi.
6. Ungdomsrådet skal vera ein pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Fusa kommune.

7. Kommunikasjon

Mål: Fusa skal leggja til rette for ei digital framtid

1. Fusa kommune må få ein betre og meir oppdatert kommunikasjon med ungdom t.d. facebook. Ein må finna nye måtar å nå ut med "bodskapen" til ungdom og andre.
2. Heile Fusa må ha eit oppdatert tilbod om breiband og god mobildekning

8. Ungdomsråd/ politisk arbeid

Mål: Ungdomsrådet skal vera eit vitalt og effektivt talerøyr for ungdom sine interesser

1. Fusa ungdomsråd skal ha medverknad på alle saker som gjeld ungdom og deira lokalmiljø
2. Val av representantar til ungdomsrådet skal følgja vedtektene til FUR og vera demokratiske
3. Ungdomsråd bør ved oppstart etter nyval få skriftleg informasjon om politisk arbeid i ungdomsråd

4. Ungdomsråd bør få tilbud om politikaropplæring på lik line med andre folkevalde
5. Tilskot til ungdomstiltak skal disponerast av FUR og det bør vera minst kr 100.000,- til fordeling kvart år.
6. Ungdomsrådet skal haldast oppdatert og informert om politiske saker på lik line med andre råd og utval

9. Private tenester

Mål: Fusa-samfunnet må utvikla gode private tenester og tilbod retta mot ungdom

1. Fusa ungdomsråd ønskjer fleire butikkar og eit breiare tenestetilbod ved Fjord'n senter
2. Ungdomsrådet ønskjer eit betre restaurant – mattilbod, gjerne med ungdom som målgruppe
3. Ungdomsrådet ønskjer eit betre jobbtilbod/ -formidling til ungdom

Uprioriterte tiltak:

1. Opplæring

1. Det må satsast meir på etter- og vidareutdanning av lærarar, særleg innan datateknikk og teknologi (IKT)
2. Uteområdet på ungdomsskulen må oppgraderast samstundes med byggeprosjektet slik at det vert ein attraktiv plass å vera
3. Rådgjevar ved ungdomsskulen skal vera fagleg godt kvalifisert og har rett kompetanse
4. Alle elevar skal ha rett på eit årleg møte med rådgjevartenesta frå 8. klasse
5. Det må gjevast betre informasjon om kva framandspråk du treng på ulike studieretningar.
6. I faget yrkesval må ein invitera inn elevar, lærlingar og tilsette frå vidaregåande skular og bedrifter til ungdomsskulen for å informera om studieløp. Hospitering på aktuelle vidaregåande skular må nyttast aktivt
7. Det skal ikkje leggjast opp til skuleturar som fører til økonomiske utlegg for den enkelte elev.
8. Dei som har lovfesta rett til ekstraundervisning må få oppfølging.
9. Dersom ein skal slå saman barneskular i Fusa så må ein involvera elevane i prosessen.
10. Elevane må få betre informasjon om rettar som gjeld t.d. undervisning og arbeidsmiljø